



Vellukka jakt på eiga fortid

107866

Historia om Turid, Lebensbornbarn nr. 2022, fødd 16. august 1942 har så mange innfallsvinklar.

Det kan vere den personlege historia om ei jente som har kjempa for retten til å vite kven ho er.

Det kan vere historia om barna til dei jentene som etter krigen vart skamklypte for sin omgang med tyskarane.

Og det kan vere ei spanande detektivhistorie om journalisten som grov seg fram til sanninga om historia til Turid.

REIDAR MATHISTAD

Turid er tynn, nesten litt senete. Ho er 44 år og 23 av desse åra har ho spurt seg sjølv: Kven er eg? I dag sit ho med svaret. Miraklet skjedde. Ein dag i fjor sat ho på kontoret til Helge Paulsen i Riksarkivet. Han kunne fortelje henne: Det var berre ei jente som vart fødd på Klekken den 16. august 1941. Ho heitte Turid og fekk Lebensborn-nummer 2022 før ho vart sendt til Tyskland. Der vart ho adoptert og fekk namnet Elke. Seks år gammal vart ho sendt attende til Noreg og budde ein periode på ein barneheim før ho vart adoptert på ny og fekk tilbake sitt norske namn, Turid.

Alt dette var ukjent for Turid den dagen ho 43 år gammal sat på kontoret til Helge Paulsen i Riksarkivet.

– Eg hugsar ingenting frå dei seks første åra av livet mitt. Det var heilt ukjent for meg...

– Ingenting? Dei fleste hugsar da ting som skjedde når dei var tre, fire år, for ikkje å seie fem eller seks...

– Eg hugsar ingenting. Eg trur eg har fortrent det. At eg ikkje vil hugse.

– Har du ikkje små glimt ein gong...

– Nei, ingenting.

– Ønsker du å få hol på dette? Har du t.d. tenkt på å gå til psykolog?

– Tanken har vore der, eg har jamvel tenkt på å gå til hypnose, men eg veit ikkje. Eg trur eg ikkje er moden for det enno. Scinare kanskje.

Veslemøy Kjendsli, journalisten som har grave fram historia til Turid og skrive boka om henne, bryt inn:

– Skal tru eg freista få henne til å hugse. I Tyskland, da vi reiste for å vitje dei første adoptivforeldra hennar spurde eg heile tida, «Kjenner du deg att her?» men utan hell. Det einaste ho meinte å hugse var noko med ein skinnstol, og vi har freista med mange skinnstolar.

– Det rare var at ho kunne tysk, eg kritiserte henne for uttalen. Turid sa ikkje «ich». Ho sa «isch». Når vi så møtte adoptivforeldra ho hadde hatt i Tyskland oppdaga vi at adoptivmora hennar hadde den same lespelyden...

9 000 barn

Det var mange som opplevde liknande skjebner som Turid. I løpet av krigen vart det fødd 9 000 barn med tyske fedre. Kvinnene som fekk desse barna, fekk ei ublid skjebne etter krigen. Dei vart gjort offentleg til skamme. Offentleg hårklipp og sosial utfrysing, og dette skjedde naturlegvis utanfor rettsapparatet. Dei var tyskertøser. I bind fem av bokverket «Norge i krig» finn ein bilde frå denne tida som gjer oss flau over dei såkalla patriotane. To kvinner blir synt fram for all verda. Dei står hårlause i menneskemengden som flirer, fulle av skadefryd.

I dag er vi ikkje lenger så stolte over desse folkedomstolane. Det norske rettssystemet gjekk fort. Det var offentleg debatt om kor lenge folk skulle bli straffa for sine gjerningar under krigen. Mange gjekk fri, men kvinnene som hadde blitt dømt av desse folkedomstolane vart ikkje offentleg debatterte. Dei vart gløymde og måtte leve med skamma i alle år etter krigen. Dei var stempla for livet.

Kvinna som kom til Klekken for å føde Turid i 1942 vil bli forstått i dag.

Detektivarbeid

Veslemøy Kjendsli har litt av ein detektivjobb bak seg med denne boka, «Skammens barn».

Utgangspunktet var eit radioprogram. Turid hørde programmet og tok kontakt med Veslemøy Kjendsli, og slik starta arbeidet med å finne Turids identitet. Tidlegare hadde Turid tatt kontakt med Frelsesarmeen og Fylkesmannen i Møre og

Romsdal, men fekk ikkje vite namnet på si biologiske mor. Det vart argumentert med omsynet til mora.

– Kva med omsynet til barna? spør Veslemøy Kjendsli, som hadde eit svært så tynt grunnlag å byrje arbeide på. Eit bilde, ein mogleg fødselsdato og opplysinga om at Turid vart henta på ein barneheim i Nitteidal. Det blir mange telefonar, mange turar på kontor, men barneheimen i Nitteidal klarer ho ikkje finne. Den har kanskje aldri eksistert. Kva så med Klekken, der ho vart fødd. Veslemøy Kjendsli får stadfesta at tyskarane hadde ein fødeheim på Klekken under krigen. Og slik går telefonrundene frå sosialdepartementet til justisdepartementet. Veslemøy Kjendsli går i bibliotek og les gamle aviser og ein dag finn ho det ho leitar etter. Ein liten artikkel i ei avis kan opplyse at tyskarane etterlet seg eit grundig og svært nøyaktig arkiv over barn av tyske soldatar i Noreg. Finst arkivet? Til slutt får ho stadfesta at arkivet er overført til Riksarkivet, og riktig: Der får dei hol på saka. Der sit Helge Paulsen som kan fortelje at Turid vart adoptert av den tyske familien Schneider og at ho fekk namnet Elke Schneider.

For Turid er sirkelen slutta. Sjølv sagt vil ho gjerne møte sine biologiske foreldre også, men det verste er over. Ho veit kven ho er.

– Det har vore godt for meg. Gjennom dette arbeidet er eg blitt sikrare på meg sjølv, tryggare. Før vart eg nervøs på stader der det var mykje folk. For eit par år sidan kunne eg ikkje tenkt meg å sitje slik og snakke med vilt framanda folk, posere for fotografar og bli intervjuet. I dag kan Veslemøy ringe, be meg ta flyet til Oslo og snakke med journalistar og eg kastar meg ut i det, utan å blunke.

– Og moralen i denne saga?

– Dei to jentene, hovudpersonen i boka «Skammens barn», Turid og journalisten som har skrive er samstemte:

– Kanskje fleire av dei som vart fødde under krigen på denne måten kan lære seg framgangsmåten for å finne fram til seg sjølve.

Historia om Turid har også ei anna side. Kanskje mange av mødrene til desse barna kan komme fram med sine søger, kan bli kvitt skamma og kanskje dei som var med på å fordømme desse kvinnene også kan ta eit oppgjær med si eiga historie.

Veslemøy Kjendsli har gjort eit solid forskararbeid for å grave fram fortida til Turid. Eitt av resultatene kan bli at andre tar til å leite i Riksarkivets protokollar for å finne si eiga. Det er truleg temmeleg mange av dei norske «lebensborn»-barna som verker etter å få vite meir om kven dei er og kvar dei kjem frå. (Foto: Reidar Mathistad)

Turid som Elke - søskenportrett frå Tyskland like før Turid vart henta tilbake til Noreg (Foto frå boka)






Portrett av Turid frå juli 1948. Det er teke i samband med adopsjonen og sendt til adoptinforeldra før dei bestemte seg for å adoptere henne. Fram til våren 1986 var dette det tidlegaste bildet Turid hadde av seg sjølv. (Foto frå boka)



Inspeksjon av produkta (Foto frå boka)



På arkivar Helge Paulsens kontor i Riksarkivet med den store Lebensborn-protokollen (Foto frå boka)



Turid frå hennar barndom (Foto frå boka)